

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Att.Marit Nedreli

Dato	01.08.2023
Vår referanse	2023/68591-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Caroline Nordøy Håvik
E-post	Caroline.Nordoy.Havik@vlfk.no
Telefon	

Svar - Dispensasjonsvedtak til klagevurdering - gnr. 7 bnr. 10 Revheim - Osterøy kommune

Viser til brev om dispensasjonsvedtak til klagevurdering – gnr. 7 bnr. 10 i Osterøy kommune.

Saka gjeld

Det vert søkt om dispensasjon for balkong, drivhus, pergola og garasje. Det vert òg søkt om løyve til oppføring av balkong. Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg har no fått saka til klagevurdering.

Til informasjon

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg kan ikkje sjå å ha mottatt saka for uttale. I framtidige saker ber vi om at vi får dispensasjonssaker som omgår vårt saksområde oversendt for uttale før det gjevast vedtak, jf. plan- og bygningsloven §19-1. På den måte kan vi gje ei førebels vurdering av saka, og kome med eventuelle merknader.

Vår vurdering i saka

Etter ei førebels vurdering ligg garasjen innanfor byggegrensa til fylkesvegen, om lag 15 meter frå vegmidte. Det er ikkje oppgitt avstand frå tiltaka til fylkesvegen. Sidan fartsgrensa og ÅDT er låg på strekinga er vi, etter ei førebels vurdering, ikkje negativ til tiltaket. Vi vil ta stilling til tiltaket når vi får søknad om dispensasjon frå byggegrense. Det er positivt at kommunen viser til veglova og krav om dispensasjon i vedtaket som er gitt.

Med helsing

Mats Korneliussen
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Caroline Nordøy Håvik
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift